

## Referat styremøte Rogaland bygdekvinnelag 20. august 2024

**Til stades:** Ingrid Haugstad Haaland, Ann Karin Hammer, Rita Aase Austvoll, Margrete Tytlandsvik, Anne Kristine Lilleskog Andersen, Astrid Skretting, Amalie Aase Grøsfjell og Åse-Berit Fidjeland

**Forfall:** Valborg Roalkvam Sandal, Kristin O. Skare (2. vara), Liv Siqveland Borgersen (3. vara), Reinert Idsø og Peder Krokedal

**Sak 01/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
Godkjende

**Sak 02/2024 Gjennomgang av referat frå førre styremøte**  
Ingrid minner om at me ikkje alltid treng vera like detaljerte i sak 03/2024.

**Sak 04/2024 Økonomioversikt**  
Ingrid orienterte om økonomien p.t.

**Sak 20/2024 Lokallagssamling hausten 2024**  
Arbeid i grupper:  
Kurs v/RBU: Amalie og Ingrid  
Samla retningslinjer: Samla dokument og kva som manglar: Åse-Berit og Ann Karin  
Kulturinnslag på lokallagssamling: Anne Kristine og Rita  
Perm med informasjon blir levert ut til kvart lokallag

**Vedtak:** Arbeidsgruppa lagar endeleg program og sender ut innbyding så snart som mogleg.

**Sak 06/2024 Årshjul september (denne månaden)/arbeidsplanen:**  
- årsmøte i lokallaga - felles informasjon frå RBK - kontakt styret og valkomiteen  
- styreskjema og rapportskjema blir sende ut

Tips om valnemndsarbeid: Leiaren set opp liste over kor lenge kvar enkelt styremedlem har vore med, kva roller styret treng og ev. dei som har lyst til å vera med i styret, og minner om å sjekka NBK sitt materiell om valnemndsarbeid.

Åse-Berit sender til alle lokallagsleiarane med ansvar for å få ut informasjon til valnemnda snarast. Ta med nye retningslinjer om kor lenge leiar og representantar kan sitja!

**Vedtak:** Skrivaren sender ut dette snarast mogleg.

**Sak 14/2024 Gjennomgang av retningslinjer for styret sitt arbeid, sjå sak 20/24**  
Halda fram gjennomgang av styrepermen med retningslinjer;  
- retningslinjer for Rogaland bygdekvinnelag sitt årsmøte, jf. forslag frå Anka  
- retningslinjer for lokallagssamling  
- blomar og gåver  
- valnemnd

**Sak 03/2024 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga; årsmøteoppdatering**  
**Åse-Berit:** Sirdal BK 21.10.24 med 25-årsjubileum samstundes  
**Rita:** Sola BK 31.10.24  
Sandnes BK 09.10.24  
**Astrid:** Time BK 30.10.24  
Nærbø BK 02.10.24 og feirar 100 år 11.02.25

**Margrete:** Erfjord 21.10.24

Arbeidsutvalet lagar ei smørbrødliste/felles skriv som alle som besøker årsmøta i lokallaga kan bruka.

**Sak 21/2024: Oppdatert møteliste**

17. september  
15. oktober  
12. november  
14. januar  
18. februar

Ingrid Haugstad Håland  
leiar

Ann Karin Hammer  
leiar

Åse-Berit Fidjeland  
nesteleiar/skrivar